

**Fra:** Bjordal, Håvard E. (HavardE.Bjordal@bergen.kommune.no)

**Sendt:** 31.03.2017 18:47:30

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** 'havard.bjordal@online.no'

**Emne:** Miljøprisen for Hordaland 2017 - forslag til kandidat

**Vedlegg:**

**Hordaland Fylkeskommune**

## Miljøprisen for Hordaland 2017 - forslag til kandidat

***Det er i år få som fortener miljøprisen meir enn Kenneth Bruvik (f. 1967). Som 50-åring har han no vore ryddegeneral på strandrydding og fokus på marin forsøpling, meir en nokon annan - nokon gong!***

### Grunngjeving

- Kenneth er frå før kjend som ein sosial friluftsmann med særleg interesse for fiske. Han har i fleire år vore tilsett i Norges Jæger og Fisker forbund i TAM-prosjektet. Han har slik undervist og tilrettelagt naturopplevingar for vanskelegstilt ungdom. Alle som lærer å forstå og kjenne naturen får gode opplevingar, god ballast og for mange kjærkommen avkopling. Når dette også blir gjort til ungdom som elles har særlege vanskar, så er hans innsats av stor og uvurderleg verdi for heile samfunnet! Kenneth har ei eiga evne til å vise omsyn for natur, inspirere la andre ta del i dette. Han har også markert seg som miljøvernar, bl.a ved engasjement mot lakselus m.m. Hans ordinære og genuine innsats for natur og menneske fortener eigentleg i seg sjølv miljøprisen!

Med Kenneth sin kunnskap om kytnaturen, hans store nettverk og handlekraft – så var Kenneth straks klar til innsats når gásenebbkvalen bokstaveleg stranda på heimstaden hans, på Sotra. Straks det vart kjent at kvalmagen var full av plast, mobiliserte Kenneth og erklærte; «*Kvalen skal ikkje dø forgjeves*» Han viste at kytfolket frå før var opptekne av miljøet sitt og saman med gode vener fekk han sett i gang ryddeaksjoner i stor stil. Berre på Sotra er det så langt, før strandryddedagen 6. mai, samla inn 20 tonn marint plast og søppel. Volumet av dette er formidabelt! Kenneth effekten at kvaltragedien og tok straks utgangspunkt i det prosjektet som friluftsrådet BOF og rennovasjonsselskapa allereie hadde oppretta i 2016. Han medverka slik til at dette prosjektet fekk en brå start på 2017-sesongen til tross for at ressursane i utgangspunktet mangla (BOF-prosjektet får truleg støtta si i mai).

Her viste Kenneth samarbeidsevna si som kombinert med andre motiverte gode krefter (BOF .m. fl.) allereie har sett norgesrekord i strandrydding. Men utover den konkrete ryddeinnsatsen, var/er Kenneth også aktiv på fleire nivå, bl.a ved å dra i gang den landsomfattande facebook-gruppa «Frå vik til vik»

Kenneth har også bygd på seg sjølv og rørande fortalt at han har lova barnebarnet sitt at ho skal sleppe å overta ein forsøpla kyst etter han. Kenneths store mål om å rydde kysten formidabelt, men det er også hans engasjement og pågangsmot!

Han har tidlegare delteke i fleire TV-program og er flink å formidle. Derfor gjorde han strandryddeinnsatsen kjent gjennom utallege aviser, radio og TV - både i norske og internasjonale medium. Han har t.d. jamnleg kontakt med Sky News som no lagar film om «plastkvalen», korleis mykje av søppelet også kjem til Norge med havstraumane og ikkje minst den fantastiske ryddedugnaden. Filmen skal etter planen sendast på riks-TV i juni og skal gå ut til 250 land. Kennet set såleis Hordaland på verdskartet og viser korleis vestlendingane ønskjer å ta vare på kytnaturen sin. Svært positivt!

Marint søppel - eller herrelaust boss – har i mange år vore eit problem fordi ansvaret og oppfølging opprydding ikkje er fastlagt nasjonalt. Ressursar til opprydding har derfor også mangla. Dette vil også Kenneth gjere noko med. Han mobiliserer næringsliv og rikspolitikarar i Norge, bl.a med ryddebesøk av både Klima- og miljøvernminister og kommunal- og samordningsminister på Sotra.

Slik er han også ein markant medkjempar for å få til permanente og robuste ordningar som kan løyse/betre kystens store miljøutfordring. Kenneth har allereie planar for å lage ein nasjonal strategi mot marin forsøpling. Slik kan erfaring og engasjementet frå Hordaland også bli eit mönster for andre.

«*Eg skal gjere så godt eg kan –og eg gjev meg aldri*» - seiser Kenneth Bruvik sjølv. Dei som kjenner han, veit at han meiner alvor. Det er nettopp med slike folk vi kan få til store og naudsynlege miljøforbetingar. Kenneth meistrar med sin innsats å få mykje ut av lite. Han skal ha mykje av æra for at det spontane og viktige løvinga fylkeskommunen kom opp med i februar, allereie har gjeve store resultat .... og meir vil komme.

***Miljøprisen kan trygt tildelast Kenneth for hans eigen innsats – men også som representant for alle som deltek i den store strandryddeinnsatsen i fylket***

**31.03.2017**

**Med vennleg helsing**

**Håvard Bjordal**  
**Miljøsjef**

Tlf. 55566192, 97539167 e-post: [havard.bjordal@bergen.kommune.no](mailto:havard.bjordal@bergen.kommune.no)

**Bergen kommune, Byrådsavdeling for klima, kultur og næring, Klimaseksjonen**  
**Postboks 7700**  
**N – 5020 BERGEN**